



Referat frå Kviteeid sokneråd

Tysdag 19. nov. 2024 kl. 15.00-18.00
Møtet var i kyrkjestøgo i Kviteeid

Innkalla: Marit Sørby, Sigrun Garvik Moen, Dagfinn Køhn, Astrid Elisabeth Breivik, Knut Gjersund, Solveig Aabø Løfgren, Trond Fjågesund og Anne Oddny Foldøy. Sigrun Lønning Solvang (sokneprest) og Kristen Salmelid (kyrkjeverje). Tarjei Draugedal (ordførar og kommunerepresentant)

1. vara: Ida Elisabeth Nilsen Sigurdslid, Monica Haugestøl (2.v.), Geir Helge Susort (3.v.), Jorunn Simonsen (4.v.) og Jan Rune Bjørnson (5.v.), som møter viss dei får særskilt melding, og til Prost Asgeir.

Meldt fråvær: Knut Gjersund (nestleiar), Trond Fjågesund og Sigrun Garvik Moen (sekretær). To vara vart difor kalla inn.

Møtte: Marit Sørby, Dagfinn Køhn, Astrid Elisabeth Breivik, Solveig Aabø Løfgren, Anne Oddny Foldøy. Ida Elisabeth Nilsen Sigurdslid (1. vara), Geir Helge Susort (3.v.) og Jorunn Simonsen (4.v.). Sigrun Lønning Solvang (sokneprest) og Kristen Salmelid (kyrkjeverje).

Opningsord ved sokneprest Sigrun Lønning Solvang

Bevertning ved Dagfinn Køhn

Oversikt over saker:

SR-sak 46.24	Innkalling og saksliste
SR-sak 47.24	Post og meldingar
SR-sak 48.24	Gudstenesteplan for 2025
SR-sak 49.24	Misjonsprosjekt for 2025-2028
SR-sak 50.24	Offerplan for 2025
SR-sak 51.24	Møteplan for soknerådet
SR-sak 52.24	Bispevisitasen febr. 2025
SR-sak 53.24	Minnelunden, forskrift og prisar
SR-sak 54.24	Informasjonstavle til Vrådal gamle kyrkjegard
SR-sak 55.24	Kyrkjebladet
SR-sak 56.24	Val av SR-leiar og -nestleiar for 2025
SR-sak 56.24	Eventuelt

SR-sak 46.24	Innkalling, saksliste og referat	MS
	Innkallinga til dette møtet vert sendt ut på e-post til alle i SR onsdag 13. november. Merknader til innkalling eller saksliste? Eventuelt? Merknader til siste referat?	

Forslag til VEDTAK:

Innkallinga er godkjend. Møtet er lovleg sett.
Ingen merknader til siste SR-referat.

VEDTAK:

Innkallinga er godkjend. Møtet er lovleg sett.
Ingen merknader til siste SR-referat.
Dagfinn Køhn er sekretær på dette møtet.

SR-sak 47.24	Post og meldingar	MS
---------------------	--------------------------	-----------

1. Arrangement sidan sist SR:

- a. Babysang held fram
- b. Språk-kafé 23. okt. Stor interesse og godt oppmøte. Veslesalen blir for liten.
- c. Kyrkjelydsbasar komitémøte 2 var 22.okt. Vi treng og tek imot gevinstar og salsvarer av alle slag.
- d. Føremiddagstreff på Misjonshuset 23. okt.
- e. Andaktar på KOS og Midtsundtoppen 16. okt. Den på KOS vart avlyst. Diakoniutvalet stiller alltid med kaffi og påsmurt mat til andaktane på Midtsundtoppen. Der møter mange av bebuarane og brukarar av dagsenteret.
- f. Felleskyrkjeleg SANGMØTE 29. sept. kl. 18.00 i Kviteseid kyrkje. Besøk av Morten Samuelsen, med allsong 'Til trøst, håp og glede'. OK frammøte, inkl. frå nabokommunar.
- g. Nytt konfirmantkull og -år starta 26. sept. Konfirmant kick-off i Kviteseid 25.-26. okt. på Lønnegraff saman med Fyresdal, og med Ønsket&Elsket i Seljord 26. okt.
- h. Stiftsdag i Kristiansand (annakvart år, i år berre ein dag): 29. okt. 4 av 5 soknerådstilsette deltok. 400 til saman frå bispedømet. Inspirerande og gode samlingar.
- i. Verdiseminar på Vinjehuset laurdag 2.nov kl.11-14 om 'Det livssynsnøytrale samfunn'

2. Planlagde arrangement:

- a. Babysang held fram på Misjonshuset omtrent kvar torsdag føremiddag kl 11-13 i samarbeid med Frivilligsentralen.
- b. Føremiddagstreff på Misjonshuset 20. nov. kl. 11.00.
- c. Språk-kafé vidare i haust blir 13. nov. og 11. des., alle på Misjonshuset.
- d. Andakt på KOS (med nattverd) og Midtsundtoppen 13. nov. v/Øyvind Jørgensen.
- e. Kyrkjelydsbasar på Misjonshuset laurd. 30. nov. kl. 10-14.
- f. Adventskonsert m/graut og kaffi og kaker, Kviteseid kyrkje onsd. 4. des. kl.11.00
- g. Skulegudstenester 10. des. (Kviteseid skule) og 19. des. (Kvitsund Gymnas)
Kviteseid skule har signalisert avlysing; Sigrun Solvang tek kontakt med assisterande rektor.
- h. Førjolskonsert 11. des. kl. 19.00 ved *No Boots* og *Fjellrøyst*.
- i. ADVENTSKONSERT med alle kor og hornmusikken: sø.15. des. kl. 17.00 i Kviteseid kyrkje. Felles øving på Misjonshuset frå 15.00.
- j. Fest for Lundenjordet 18. des. kl. 18. på Misjonshuset, ved diakoniutvalet
- k. Konsert i Brunkeberg 18. des. ved *Symre Tangbøl Bang og musikarar*
- l. Kilen 22. des. kl. 16: Gudsteneste i Kilen med et annleis jolebord som vert laga av eigarane av Kilen Camping. NB: Skrive i annonsane om samkøyring/skyss (ringe Marit S)
- m. Formiddagstreff på Misjonshuset våren 2025: 22. jan., 26. febr. (den veka biskopen er på visitas), 26. mars og 23. april.

3. **Golvet på Kyrkjestøgo i Kviteseid er nå endeleg isolert.** Det er gjort nedanfrå, frå carporten slik det heile tida var tenkt, men dessverre gløymd sist vinter.
4. **Referat Stabsmøte 5.11** (Saker derifrå vert fylgt opp), *Fellesmøtekomité 19.11* (referat ligg ved)
 - a. Felles familiemøte 19. jan. kl. 16 på Misjonshuset
 - b. Felles møtehelg 7.-9. mars i kyrkja. Thor Håvik ('realityprest') talar (kl. 17, 17 og 11)
5. **Ytterdør og teppe i Vrådal kyrkje.** (Ref. vedtak i SR-sak 32.24.) Begge delar er bestilte. Teppe er i produksjon. Døra står i 'arbeidskø'.
6. **Kyrkjeblad, jolenummer** (sjå SR-sak 55.24)
7. **Hassvikvegen i Fjågesund** (frå krysset til brygga) er etter kommunestyrevedtak privatisert. Vi ventar på endeleg avgjersle frå Jordskifteretten vedr. %-vis del i veglaget for kvar brukar etter at folk i Fjågesund var ueinige i forslag til vedtak og hadde eit møte der dei laga eit nytt forslag som er sendt til Jordskifteretten
8. **2. runde med lysing for trusopplærar-stillinga** ligg framleis ute, med søknadsfrist 31.12.2024
9. **Ny orgelkrakk til Kviteseid er på plass.** Orgelbyggjar (og stemmar) Henrik Brinch Hansen kan reparere den gamle på sitt verkstad i Fluberg nær Gjøvik. Vi ser om vi får til å sende den.
10. **'Ordna eiendom'** er ei nettbasert database i regi av KA, Riksantikvaren og Kyrkjerådet. Dette erstattar den gamle 'Kirkebyggdatabasen' og er eit nyttig program som vi MÅ ha og bruke, men kyrkjeverja må ha kurs/opplæring før han kan få tilgang. Kurset er nettbasert over ein dag, men kyrkjeverjelaget i Øvre Telemark prøver å få til eit fysisk kurs i Notodden 5.des.
11. **'Slik skriver du en god søknad til kirkebevaringsprogrammet'** var tittelen på eit to dagars kurs i Sandvika 24. og 25. oktober. Søknadsprosedyren er veldig omfattande og komplisert som kyrkjeverja tenker han må bruke fleire veker på, eller sette ut til ein konsulent. Fleire her i prostiet bruker ein mann på Sweco til dette. Med søknadsfrist 2. nov. 2024 for midlar for 2025, seier det seg sjølv at det rekk vi ikkje i denne omgang. Men det kjem mange omgangar seinare. Når vi fyrst tenkjer på å få blyglas i Kviteseid ferdig, kan det vere ein moglegheit å søkje på sidan halvparten allereie er ferdig. Men kyrkebevaringsprogrammet prioriterer middelalderkyrkjer (i stein) fram til år 2030 då det er 1000 år sidan Slaget på Stiklestad. Vi har difor ingen investeringsprosjekt i 2025, men vil få ferdig prosjekta som er vedtatt og sett i gang i 2024 (minnelund og noko i Vrådal, ref. pkt. 6 over her)
12. **Søknad til Riksantikvaren (RA) om midlar til konservering av maleria i Kviteseid Gamle Kyrkje** vart sendt 31. okt. (frist 1. nov.) Det er 3. gong vi søker etter at vi fekk laga ein tilstandsrapport og prisestimat frå Galleri Tonnes i 2022. Vi rykker vonleg fram i køen for å få midlar til dette. Det er fullfinansiert frå RA for dei som får stønad. Prosjektet har ein ramme på nær kr. 590.000. (sjå vedlagd 'Tilstandsrapport..)
13. **Festeavgift for 2024-2028** vil kyrkjeverja i samarbeid med økonomileiar i kommunen prøve å sende ut med fakturering frå og via kommunen for fyrste gong. Soknet sitt gravferdsprogram 'Gravlund' skal nå vere kompatibelt med kommunen sitt rekneskapsprogram. Rekneskapsføring og oppfølging av fakturaene vil nå skje på kommunen og forenkle arbeide for alle partar når vi kjem i gang. Slik fakturering har dei siste åra vore på våren. No prøver vi i nov/des. då dette ikkje har vor klart tidlegare.

14. Budsjetsaker for 2025. Forslag til drifts- og investeringsbudsjett for 2025 er sendt kommuneadministrasjonen og er lagt inn i sakspapira til Formannskap og kommunestyret med følgjande ordlyd:

Soknerådet

Kviteseid sokneråd vedtok i sak 32.24 forslag til driftsbudsjett 2025 ei auke i det kommunale tilskotet på kr 128 000,- Dette er ei auke på 3,29 % frå 2024. Dette skal dekke auka løn og prisvekst. Auken er under berekna kommunal deflator som 4,1% for 2025.

Soknerådet har også gjort vedtak om å auke tilskot til diaconi med kr 45 500,- under føresetnad at det vert tilsvarande auke i tilskot frå Kviteeid kommune.

Bakgrunnen for ynskje om denne auken er at diaconen har ei stilling som i starten vart løna 50 % av Agder og Telemark bispedøme og 50 % av fellesråd og sokn i dei 5 Vest-Telemark-kommunane (Vinje, Tokke, Fyresdal, Nissedal og Kviteeid). Delen lokalt løna, har %-vis auka dei siste 10-åra, samstundes som kronebeløpet frå Bispedømet meir eller mindre har stått stille.

*Dette tiltaket er med i foreslått tiltak i kommunedirektørens forslag over nye tiltak.
Samla forslag tilskot til Kviteeid sokn vert difor foreslått til kr 173 500,-*

Tilskot til investeringar for soknet har soknet spela inn at dei ikkje kjem i mål med planlagde investeringar for 2024. Opphavleg plan var:

1. gjere meir med blyglasvindauga i Kviteeid kyrkje (Prosjektet starta i 2018)
2. lage til ei namna minnelund på det nyaste feltet på kyrkjegården i Kviteeid
3. lage til eit prosjekt for rehabilitering av tak mm i Vrådal kyrkje.

Tilskot for 2024 er utbetalet, det som ikkje er nyitta må soknet sette av til investeringsfond for bruk i 2025 for å fullføre planlagde investeringar.

Soknet har vidare spela inn at eventuelle investeringar knytt til kyrkjebevaringsprogrammet vil dei kome attende til. For søknad i 2025, knytt til programmet er både riksantikvaren og kyrklege instansar representert. Tilskotet administrerast av eit eige utval, der Eksternt tilskot vil være på 50 %, resten må garanterast løvd fra kommunen (lokal finansiering).

Kor stort beløp det er tale om, veit dei ikkje før vi dei har eit prosjekt med kalkylar. Når det er klar vil soknerådet koma attende til kommunen med søknad om lokal finansiering.

15. Til kyrkjelydsbasaren 30. nov. er det plass til alle som vil og kan hjelpe. Komiteen har hatt to møte. Annonseplakatar er ute og rullar og går på Facebook. Annonsar kjem i VTB fredag 22. og 29. Sal av lodd på Kiwi er laurdag 23. og fredag 29. Gevinstar er på veg inn. Mange lagar jolekaker og anna til sals. Kransekaker blir lage på skulekjøkkenet onsdag 20. kl. 17. Der er det plass til fleire medhjelparar.

Lagt til etter møtet:

16. Vatn til Vrådal kyrkje. Kyrkja og naboane (Sanden med fleire) får vatn via pumper ved Vråvatn.

Vi dekkjer halvparten av kostnadane på rundt kr 20.000 med å få byta ut ei defekt pumpe. Kyrkja betaler straumen. Det er viktig å ha vatn og god pumpekapasitet til potensiell brannsløkking.

SR-sak 48.24	Gudstenesteplan for 2025	MS
--------------	--------------------------	----

(Utsett frå SR-sak 39.24)

Gudstenestetvalet (soknepresten, organisten, Dagfinn Køhn og Astrid Breivik +moglegvis Sigrun Egeland) lagar eit forslag til plan for gudstenestene i 2025 basert på talet på forordna gudstenester og innarbeidde tradisjonar her i soknet. I påvente av vedtak om ny forordning skal vi bruke den gamle, men utan dei ekstra gudstenestene vi hadde i Vrådal ein periode. Prosten stadfestar på tlf. 1.11 at vi kan rekne med å få ein ekstra presteressurs til den 4. gudstenesta på Jolaftan òg i 2025.

Prostens innspel til denne saka er undring over at soknerådet planlegg for heile året samla, og ikkje for eit halvt år om gongen slik dei fleste gjer, for det kan skje mange endringar i løpet av eit år.
Kviteseid sin plan for 2025 må òg sjåast saman med Seljord sine planer, grunna samarbeid om presteressursane.

Soknepresten kallar inn utvalet og har forslag klart seinast til Soknerådet 19. nov. Det blir sendt ut saman med innkalling til dette møtet viss det er klart.

Skal vi lage plan for berre for 6-7 månader no, må plan for hausten 2025 opp i SR for vedtak seinast på juni-møtet og inn på årshjulet / møteplanen for resten av SR-perioden.

Vedlegg: Gudstenesteplanen for 2025

Forslag til vedtak i AU:

Saka vert etter eventuelle drøftingar i AU, vidaresendt til SR

AU fekk ikkje sett på planen då den ikkje var klar til 6. nov.

Forslag til vedtak i SR:

Soknerådet takkar gudstenesteutvalet og vedtek einstemmig den framlagde planen for gudstenester i Kviteeid sokn for januar til og med juli 2025.

VEDTAK:

Soknerådet takkar gudstenesteutvalet og vedtek einstemmig den framlagde planen for gudstenester i Kviteeid sokn for januar til og med juli 2025. Soknerådet fann inga anna tid til soknemøtet (årsmøte) enn 30. mars, etter messa i Vrådal.

SR-sak 49.24	Misjonsprosjekt for 2025-2028	KS
--------------	-------------------------------	----

Ref. SR-sak 40.24

Den utnemnde komitéen har vore samla til eit møte 22.okt.

Komiteen som består av soknerådsleiar, soknepresten, Åsa Wendel og kyrkjeverja, var samla utan soknepresten som var sjukemeld.

Komiteen drøfta saka og bad kyrkjeverja få tak i to forslag frå kvar av organisasjonane Normisjon og Stefanusalliansen. Det er gjort. Forslaga ligg ved.

Komiteen ber AU redusere dette til to forslag som kan leggjast fram for soknerådet.

Frå starten av saka:

Gjeldande misjonsprosjekt for soknet har vi hatt sidan 2020, og går ut 2024.

Det var bevisst val at det ikkje skulle vere heilt samanfallande med soknerådsperioden. Soknepresten, kyrkjeverja og Åsa Wendel utarbeida saka for soknerådet. ([sjå SR-sak 62/20 18. nov. 2020](#))

Prosjekta har denne perioden vore

1. Okhaldunga sjukehus i Nepal (Normisjon / Liv Wendel) kr 20.000
2. Bibelomsetjing i Sør-Etiopia (Misjonssambandet / Wycliffe /Karen Elisabet (Wittersø) Hector og Fredrik Hector, kr 20.000

Frå 2017 og ut 2020 hadde vi prosjektet Samfunnsutvikling i Nepal (Normisjon / Liv Wendel) kr 35.000 ([Vedtak i SR-sak 08.17](#))

Før det var det 4 sokn i Kviteseid. Kviteseid sokn hadde støtte til Rachel Trovis stiftelse MaMa Children Senter og Norway, der Gunnhild Dobbe arbeidde frivillig fleire bolkar kvart år.

VEDTAK i SR-sak 40.24:

Soknerådet vedtek at komiteen utpeika av AU utarbeider forslag til soknerådet i november 2024 om misjonsprosjekt for Kviteseid sokn for 4 - årsperioden 2025-2029. Komiteen består av Soknerådsleiar Marit Sørby, sokneprest Sigrun Lønning Solvang, Åsa Wendel og kyrkjeverja Kristen Salmelid.

Soknerådet vart oppmoda til å sende forslag til misjonsprosjekt til ein i komiteen.

- **Stefanusalliansen** har sendt fyldig informasjon (sjå 5 vedlegg), og har informasjon om SMM-prosjekter for trusfridom [på si nettside her](#). Dei skriv òg mellom anna dette:
Dersom dere velger Stefanusalliansen og prosjekt fra oss, så sender jeg dere en mal til en avtale som dere kan fylle ut. Der skriver dere prosjekt dere vil støtte, hvor lenge dere ønsker å støtte og hva dere har satt som innsamlingsmål/antall offer. Når jeg får tilbake en ferdig utfyldt avtale, så pakker jeg en ressurspakke til dere med brosyrer og annet materiell relevant for det prosjektet dere har valgt. I tillegg sender jeg ut nyhetsbrev på epost fire ganger i året. Jeg tilbyr også å ha et digitalt innføringsmøte for stab og/eller menighetsråd for å lære mer om prosjektet. Dere må også gjerne sende forespørsel om besøk med forslag til datoer, så prøver vi å imøtekomm det etter kapasitet. Ellers er det også bare å spørre om å få mer tilsendt av brosyrer og lignende.
- **Normisjon** har ikkje svart på mail, men dei har ein [god oversikt på nettsida](#) over prosjekt. Der finn vi tematisk oversikt fordelt på 13 land i Asia, Vest-Afrika og Sentral-Asia. Normisjons visjon er å nå ut til nye folkeslag som ikkje er nådd med evangeliet. Samtidig har dei lang historie med å støtte marginaliserte grupper, born og unge.

Forslag til VEDTAK i AU:

Kyrkjeverja sitt forslag til vedtak i AU er at vi vel dei to prosjekta Stefanusalliansen har i Egypt. Kviteseid sokn har i to 4 års-periodar støtta helserelaterte prosjekt i Normisjon, og siste periode også eit prosjekt med bibelomsetjing i Etiopia via Misjonssambandet og Wycliffe. Vi har pr i dag ingen lokal tilknyting til nokon av desse organisasjonane i form av utsendingar. Stefanusalliansen vil såleis vere ein nøytral og samlande organisasjon å støtte. Dei har også mykje god informasjon som kan nyttast i kyrkjelyden.

VEDTAK i AU:

AU vedtek å presentere prosjekta Stefanusalliansen for soknerådet, og tilrår at SR vèl dei to prosjekta Stefanusalliansen har i Egypt. Stefanusalliansen er ein nøytral og samlande organisasjon å støtte. Dei har også mykje god informasjon som kan nyttast i kyrkjelyden vår.

Stefanusalliansen har desse prosjekta innanfor Samarbeid Menighet og Misjon (SMM):

- Pakistan: [Hjelp til blasfemiofre](#)
- Tyrkia: [Støtte til menighetsbyggende arbeid](#)
- Egypt: [Stefanusbarna og Anastasia/Anafora](#)
 - Stefanusbarna er eit prosjekt for å hjelpe tusenvis av fattige born som lever i Kairos «søppelby». Der lever dei av å resirkulere dei rikes søppel. Både borna og familiene deira får tilbod om eit betre liv på alle livets områder. Dei får høyre og røyne at dei er elska.
 - Anastasia/Anafora er bygd opp av Biskop Thomas og ligg ute i ørkenen mellom Kairo og Alexandria. Det er eit ‘kraftsentrum’ for den koptiske minoriteten i landet der ungdom får yrkesretta trening og grunnleggjande hjelp til å klare seg i samfunnet. Mange av kursa er retta mot kvinner.

Forslag til VEDTAK i SR:

Soknerådet vèl Stefanusalliansen sine to prosjekt i Egypt som misjonsprosjekt innanfor SMM for 2025-2028

VEDTAK :

Soknerådet vèl einstemmig Stefanusalliansen sine to prosjekt *Stefanusbarna* og *Anastasia/Anafora* i Egypt som soknet sine misjonsprosjekt innanfor SMM for perioden 2025-2028.

SR-sak 50.24	Offerplan for 2025	MS
---------------------	---------------------------	-----------

Gudstenesteutvalet legg fram forslag til offerplan for 2025 på grunnlag av tidlegare røynsler og vedtak, og i forhold til gudstenesteplanen for 2025.

Vedlegg:

- *Gudstenesteplanen for 2025* (med kolonne for offer),
- *Historisk offerliste m 2025* og
- *Omsyn offerliste m 2025*

Forslag til VEDTAK i SR:

Soknerådet vedtek den framlagde offerplanen for 2025 knytt til gudstenesteplanen for januar til og med juli 2025 i SR-sak 48.24

VEDTAK:

Soknerådet vedtek einstemmig den framlagde offerplanen for 2025 knytt til gudstenesteplanen for januar til og med juli 2025 i SR-sak 48.24

SR-sak 51.24	Møteplan for SR 2025	MS
---------------------	-----------------------------	-----------

Ref. SR-sak 44.24.

VEDTAK

Soknerådet vedtek at soknerådsmøta vidare vert på ettermiddagstid frå 15.00 (-18.00).

Neste SR blir tysdag 19. november kl. 15.00.

Forslag til møtedatoar for 2025 blir presentert på dette møtet. Det blir då gjort endeleg vedtak om kva dag i veka møta skal vere på. Forslaget vil ta utgangspunkt i onsdagar.

Kyrkjeverja har laga og lagt ved eit forslag til revidert møteplan for resten av denne soknerådsperioden.

Vedlegg: *Møteplan SR 2024-27 rev.nov.24*

Forslag til VEDTAK i AU:

AU drøfta planen og oppmodar SR til å vedta den.

AU var einige om at forslaget til vedtak over her, kunne vere grunn til misforståing. AU bad kyrkjeverja redigere planen ut frå tysdag som møtedag og ikkje onsdag som vart lagt fram for AU.

VEDTAK i AU:

AU oppmodar soknerådet til å vedta tysdag eller torsdag som møtedagar for rådet og unngå onsdagar då det er mykje diakonalt arbeid som fell på onsdagar, der fleire i soknerådet er med.

VEDTAK i SR etter drøftingar:

Soknerådet vedtek å legge soknerådsmøta til torsdagar kl. 18-21, førebels for eit halvt år. Kyrkjeverja reviderer planen og prøver å unngå å leggja møta nær prestens frihelg.

Revidert møteplan ligg ved.

SR-sak 52.24

Bispevisitasen februar 2025

MS

Bispevisitasen skal vere siste veke i februar 2025. Det blir to kvardagar i veke 9, og visitasgudsteneste sundag 2. mars kl. 11.00 i Kviteseid.

Prost Asgeir skal ha innleiande planleggingsmøte med staben. Dato for dette har vi ikkje fått i skrivande stund.

Til sak 43.24 i oktober sende kyrkjeverja ut [Visitasforedraget frå 2016](#) og Visitasmeldinga frå 2016. Kyrkjeverja sender her mange dokument som kan gje oss eit bilet av kva visitasen skal innehalde.

Kyrkjeverja har så langt ikkje hatt tid til å følgje opp visitasbefaringen frå september.

Vedlegg:

- *Visitasforedrag Kviteseid 2016,*
- *2016.Visitasmelding (36 sider),*
- *2016 Visitasprogram*
- *2025.Visitasveileder og*
- *2025.Visitasreglement*

Forslag til VEDTAK:

Soknerådet avventar vidare planlegging av bispevisitasen.

VEDTAK:

Soknerådet ventar på førebuande møte som prosten skal ha med oss for planlegging av bispevisitasen siste veka av februar 2025.

SR-sak 53.24

Minnelunden, forskrift og prisar

KrS

Arbeidet med minnelunden er i gang.

1. Det er Bjørn Nordskog som gjer det meste av anleggsarbeidet. Stein er levert frå Lifjell og Bø. Masser er fjerna. Minnestenen vart støypt fast 8. nov.
2. Kyrkjeverja skriv om minnelunden i neste Kyrkjeblad.
3. Då arbeidet starta, skulle vi ha ei sak i VTB for å informere folk om kva som skjer på kyrkjegarden. Kyrkjeverja har ikkje fått tid til å skrive, og bladet har ikkje prioritert saka.
4. Kyrkjegardsvedtekten må ha med eit avsnitt om minnelunden, og må difor reviderast. Forslag må vedtakast i SR og hos Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark (med kopi til biskopen).
Kyrkjeverja prøver å ha eit forslag klart til AU, men har det ikkje til utsending nå.
5. Kommunestyret må fastsetje prisar (urnegrav er gratis, men det må betalast ein eingongssum for namneskiltet på minnestenen for 20 år og ev. utvida periode.) Dette bør handsamast i Formannsskapet 21.nov. og må difor vere administrasjonen i hende seinast måndag 11.nov. Saka må difor handsama i AU på vegne av SR.
Kyrkjeverja prøver å ha eit forslag klart til AU, men har det ikkje til utsending nå.
6. Digitale (SOSI-) kart er nå på plass. Det er dronefoto der graver og gravnummer er teikna inn. Staben er i ferd med å kontrollere dei, før dei blir integrerte i gravprogrammet vårt, ‘Gravlund’ frå ‘Kirkedata’. (*Eksempel på kart ligg ved*)

Forslag til VEDTAK i AU:

Forslag til reviderte Kyrkjegardsvedtekter og sak til kommunestyret om prisar vart drøfta. Begge sakene sendest vidare til hhv Statsforvaltaren og kommuneadministrasjonen, og leggjест fram for SR som informasjonssak handsama i AU.

VEDTAK i AU:

Forslag til reviderte Kyrkjegardsvedtekter og sak til kommunestyret om prisar vart orientert om. Soknerådet må vedta reviderte vedtekter for kyrkjegardane før saka sendest vidare til Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark for endeleg godkjenning.

Sak om prisar for bruk av minnelunden vert laga av kyrkjeverja på vegne av soknerådet og sendt til kommuneadministrasjonen for vedtak i formannsskapet (og ev. i kommunestyret).

- 11. nov. kom det digitalt oppslag i VTB skrive av kyrkjeverja for å informere folk om kva som skjer på kyrkjegarden. Det kjem truleg i papirutgåva denne veka.
- Kyrkjeverja skriv meir utfyllande i neste nr. av Kyrkjebladet.
- Kyrkjegardsvedtekten er reviderte av kyrkjetenar Håkon Heggtveit og kyrkjeverja. Forslaget vert sendt ut med innkallinga til SR. Statsforvaltaren har ein mal på slike vedtekter (*sjå vedlegg*), men sidan våre vedtekter var godkjende frå før, har vi berre utvida dei med paragraf om minnelund.
- Sosi-karta over Brunkeberg og Vrådal er kontrollerte av kyrkjetenar Håkon Heggtveit og kyrkjeverja. Dei kontrollerte òg karta over Kviteseid med det fyrste.

Vedlegg:

- *SOSI-kart over kyrkjegardar* (visest i A3 under møtet)
- *Forslag til reviderte kyrkjegardsvedtekter* (med nytt pkt. om minnelund)
- *Forslag til prisar for bruk av minnelunden* (sak sendt til kommunen 12.11.2024)

Forslag til VEDTAK i SR:

Soknerådet godkjenner det framlagde forslag til reviderte Kyrkjegardsvedtekter.

Soknerådet tek saka om prisar for bruk av minnelunden til orientering. Den er sak i formannsskapet i Kviteseid 21. november.

Kyrkjeverja gjekk gjennom endringane i vedtekten, og orienterte om SOSI-karta og om at det blir plass til 80 urner og ikkje berre 64 som fyrst tenkt.

VEDTAK:

Soknerådet vedtek det framlagde forslag til reviderte Kyrkjegardsvedtekter og sender det vidare til Statsforvaltaren for godkjenning. (*ligg ved*)

Soknerådet tek saka om prisar for bruk av minnelunden til orientering. (*Vedtaket frå Formannsskapet i Kviteseid 21. november ligg ved.*)

SR-sak 54.24	Informasjonstavle til Vrådal gamle kyrkjegard	MS
Over lengre tid har kyrkjekontoret hatt ei sak om ny informasjonstavle ved Vrådal gamle kyrkjegard liggjande. Soknerådet gjorde i SR-sak 25/22 den 15. juni 2022 fylgjande vedtak: «Soknerådet takkar Hans Øy for engasjementet for å presentere historia om Vrådal gamle kyrkje. Det er frå soknerådet sitt syn		

ynskje om å setje ned ein komité som skal arbeide med å lage ei tavle der ein presenterer både den historiske kyrkjestaden og kyrkjegarden slik han framstår nå. Vi ynskjer at Hans Øy sitt bidrag skal brukast i denne presentasjonen. Soknerådet vil be om at Øyvind Jørgensen skal leie denne komitéen og at Hans Øy og Leif Roholdt blir med i komitéen. Komitéen sender sitt forslag til tavle/presentasjon til kyrkjeverja for handsaming i AU. Soknerådet gjer endeleg vedtak om kva som skal produserast og kva kostnader dette fører til.»

I oktober 2022 fekk Hans Øy, Leif Roholdt og Øyvind A. Jørgensen førespurnad frå soknerådet om å vere med i ein komité som skulle arbeide med eit forslag til ei informasjonstavle ved Vrådal gamle kyrkjegard.

Komiteen presenterer eit forslag til ein kort og presis tekst på norsk og engelsk. Dei ser òg for seg å bruka ei teikning av kyrkja laga av Aadne Lønnegraff i 1928. Dei har i innleiinga gjort vurderingar kring utforming og storleik av skiltet med meir.

Soknerådet må etter vedtak få trykt tekst og biletet på ei skiltplate som toler ver og vind. Kyrkjeverja vil be eit reklame- og skiltfirma koma med forslag ut frå forslaga frå komiteen.

Så må nokon laga et stativ tilpassa dette skiltet. Det kan til dømes bli laga av impregnert treverk, men må vere solid så det held like lenge som skiltet. Vil soknerådet utfordre nokon til å laga stativet på dugnad, eller skal oppgåva gå til kyrkjegardsarbeidarane i soknet?

Vedlegg:

- *Informasjonstavle Vrådal gamle*
- *Bilete Vrådal gamle*

Forslag til VEDTAK i SR:

Soknerådet takkar komiteen for godt arbeid med utforming av tekst, og godkjenner det framlagde forslaget til informasjonstavle på Vrådal Gamle Kyrkjegard. Kyrkjeverja bestiller skilt frå reklamefirma og kostar materialar til stativet for informasjonstavla. Stativet vert laga på dugnad.

VEDTAK:

Soknerådet takkar komiteen for godt arbeid med utforming av tekst, og godkjenner einstemmig det framlagde forslaget til informasjonstavle på Vrådal Gamle Kyrkjegard. Kyrkjeverja bestiller skilt frå reklamefirma og soknet kostar materialar til stativet for informasjonstavla. Soknerådet freistar å finne nokon som kan bygge info-tavla ferdig før messa der på Kr. Himmelfartsdag 2025. Då ville det høve med avduking og informasjon. Kyrkjeverja informerer og takkar komiteen.

SR-sak 55.24	Kyrkjebladet	MS
--------------	--------------	----

Etter at Møyfrid slutta ved siste årsskiftet, har kyrkjeverja vore redaktør for kyrkjebladet i 2025. Det er kome ut 2 nummer, og det 3. kjem før jol.

Jolenummeret er under arbeid. Det var planlagd til å koma ut før jol, men grunna endringar hos Posten/Bring fekk kyrkjeverja ikkje bestilt ombering i veke 49 som tenkt. Det hadde dei sluttat med for ikkje-adressert 'Informasjon', men ikkje oppdatert nettsida si, og distribusjon i veke 48 var for seint å bestille. I vekene 47, 49, 50, 51 og 1 har Posten no ikkje den slags ombering av ikkje-adressert post til alle husstandar. I samråd med soknerådsleiar går vi for produksjon av bladet, og ombering på dugnad.

SR vedtok dette den 25. jan. 2025:

VEDTAK SR-sak 10.2.24 SR: Soknerådet vedtok samråystes å starte med reklame i Kyrkjebladet frå i år. Redaksjonskomiteen drøfter mengda av reklame i bladet. Med i redaksjonskomiteen for påskenummeret blir Ida Sigurdslid og Marit Sørby, i tillegg til dei faste Olav Mosdøl, Øyvind Jørgensen og Dagfinn Køhn. Kyrkjeverja er redaktør inntil vidare og kallar snarleg inn til møte i redaksjonskomitéen for påskenummeret. Dag Harald Undheim skriv ein andakt.

Redaksjonskomiteen har dei siste åra vore sokneprest Møyfrid, Olav Mosdøl og Øyvind Jørgensen, medan Dagfinn Køhn har blitt med meir etter kvart. Komitéen har ikkje fungert dette året av ymse grunnar. Det har gått greitt å skaffe stoff til dei tre utgåvene dette året, og reklamen har gitt noko ekstra inntekt. Det har vore passeleg med tre utgåver i år, før påske, etter sommaren og før jol.

Men arbeidet med bladet har kravd mykje arbeidstid for kyrkjeverja, noko som har kome i tillegg til alle andre oppgåver. I mangel av fast prest i vår, utan trusopplærar frå i sommar og innkjøring av ny sokneprest i haust, har det blitt ein del ekstra arbeid både for kyrkjeverja og organisten. (Sistnemnde har 10 % ekstra ressurs no medan vi ventar på ny trusopplærar.)

Viss soknerådet ynskjer at kyrkjebladet skal halde fram, må det finna ei anna løysing enn at dagens kyrkjeverje får det som ei tilleggsoppgåve. Kyrkjebladet må ha ein annan redaktør og bør ha ein aktiv redaksjonskomité.

Soknerådet prøver å få på plass redaktør og redaksjonskomité for kyrkjebladet vidare, innan utgangen av februar. Det vart nemnt nokre potensielle namn.

VEDTAK i SR:

Soknerådet må få på plass redaktør og redaksjonskomité for kyrkjebladet vidare, innan utgangen av februar. Dagfinn Køhn blir med på permanent basis.

SR-sak 56.24	Val av SR-leiar og -nestleiar for 2025	KrS
--------------	--	-----

Soknerådet vel kvart år leiar og nestleiar for eitt år. Dette valet er for 2025

Marit Sørby har vore leiar og Knut Gjersund nestleiar dette fyrste året av denne soknerådsperioden.

Forslag til VEDTAK i AU:

Attval av begge to. Kyrkjeverja leier valet.

VEDTAK:

Marit Sørby vart attvald som leiar ved akklamasjon, og Knut Gjersund som nestleiar, begge to for 2025.

SR-sak 57.24	Eventuelt	MS
--------------	-----------	----

Medhjelparar til basaren 30. nov.:

Mellom anna: Astrid Breivik, Knut Gjersund, Anne Oddny Foldøy, Geir Helge Susort, Dagfinn og Ellen Katrine Køhn. Fleire utfordrast.